

Helse Førde HF

Førde sentralsjukehus

6801 Førde

Vår ref.:

Deres ref.:

Saksbehandler:

Dato:

2006/489 - 3389/2006

Ivar Eriksen , 51 96 38 14

15.10.2006

Revisorrappport vedrørende undersøking av innkjøp og bruk av rammeavtaler ved ortopediklinikken ved Lærdal sjukehus

Helse Vest RHF mottok fredag 13. oktober 2006 rapport vedrørende undersøking av innkjøp og bruk av rammeavtaler ved Lærdal sjukehus. Rapporten er utarbeidd av Deloitte på oppdrag frå Helse Vest RHF. Kopi av rapporten følger vedlagt.

Konklusjonane frå undersøkinga er at det knytt til verksemda ved ortopediklinikken i Lærdal har funne stad fleire brot på relevante lover- og forskrifter samt interne retningslinjer i helseforetaket. Revisor peiker i rapporten mellom anna på følgjande:

- det har funne stad brot på grunnleggjande foresegner og prinsipp i regelverket for offentlege innkjøp
- det føreligg avvik frå etiske retningslinjer for innkjøp
- det føreligg avvik på interne retningslinjer for innmelding/registrering av medisinsk-teknisk utstyr

I tillegg er det i rapporten peika på fleire tilfelle av manglande skriftleg dokumentasjon kring aktuelle problemstillingar og avgjersler som er tatt.

Helse Vest RHF vil avventa ein endeleg tilbakemelding til Helse Førde HF kring forholda ved ortopediklinikken i Lærdal, inntil også Statens Helsetilsyn har levert sin rapport frå dei undersøkingane dei gjer. Helse Vest legg likevel til grunn at Helse Førde umiddelbart tek tak i dei systemmessige feil og avvik som no er påviste. Helse Førde må straks sette i verk dei tiltak som er nødvendige for å kunne rydde opp i dei forhold som revisorrapporten tek opp. I dette ligg også at leiinga i Helse Førde må sikra seg at helseforetaket har god oversikt over og kontroll med omsyn til at alle innkjøp blir gjennomført i samsvar med dei regler og interne rutinar som gjeld for dette.

Med helsing



Herlof Nilssen

Administrerende direktør

Vedlegg:

Rapport vedrørende undersøking av innkjøp og bruk av rammeavtaler ved ortopediklinikken, Lærdal sjukehus, Helse Førde HF avgitt av Deloitte 13. oktober 2006